

Kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen
Kirkegata 18
0032 OSLO

Dykkar ref.:
Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
2017/573-6

Bergen 04.04.2017

Framleis store utfordringar på Vestlandet som krev forskning og nye løysingar!

I Statsbudsjettet for 2016 fekk Regionalt forskingsfond Vestlandet 15 millionar i ekstra løyving for å bidra til omstilling i arbeids- og næringsliv. Denne løyvinga er redusert til 6,5 millionar kroner i 2017. Det behov for å styrke, ikkje redusere denne satsinga.

Regionalt forskingsfond Vestlandet har aldri hatt så stor pågang av søknader som i 2016, og trykket er oppretthalde i 2017. Den ekstra løyvinga frå Kunnskapsdepartementet er særleg nytta til kvalifiserande og innleiande forskingsarbeide i bedrifter og kommunar der pengane raskt har kunne kome i arbeid for å bidra til omstilling og ny verdiskaping.

I 2016 fekk Regionalt forskingsfond Vestlandet 179 søknader og tildelte forskingsmidlar til 62 innovasjonsretta prosjekt. 42 av prosjekta er eigd av bedrifter med innovasjons- og omstillingspotensiale. 20 av prosjekta rettar seg inn mot kommunale innovasjonsprosessar.

Dei siste tala frå NAV i mars 2017 viser ein tendens til nedgang i talet på arbeidslause i dei mest råka fylka Rogaland og Hordaland. Men framleis er over 20 000 personar heilt ledige i desse to fylka. Vestlandet står ovanfor store utfordringar for næringslivet knytt til lågare aktivitet innan olje- og gassektoren, nedskjeringar og den relativt store arbeidsløysa.

Omstillingsbehovet for næringslivet på Vestlandet vil venteleg være langvarig. I denne situasjonen er det avgjerande at den sterke kompetansen innan olje- og gassindustrien vert vidare utvikla, slik at han også kan inngå som grunnlag for ny næringsverksemd. I landsdelen er det stor gründeraktivitet. Vellukka omstilling krev satsing på ny kunnskap gjennom regionalt relevant forskning som kan gi verdiskaping og marknadsretta innovasjon både i nye og i etablerte bedrifter.

Styret for Regionalt forskingsfond Vestlandet, der dei tre fylkesordførarane er medlem, ber derfor Kunnskapsdepartementet om å legge til rette for at Regionalt forskingsfond Vestlandet får styrka den særlege budsjettauken til omstilling i arbeids- og næringsliv – og at dette vert vurdert i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2017.

Regionalt forskingsfond Vestlandet har stor aktivitet. Eg ber om eit møte med deg for å rapportere frå innsats og resultat av dei ekstra midlane tildelt i 2016, og å informere om satsingar for å møte utfordringane på Vestlandet no i 2017.

Med helsing

Solveig Ege Tengesdal

Fylkesordfører Rogaland, Styreleiar i Regionalt forskingsfond Vestlandet

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kontakt: Sekretariatsleiar Jone Engelsvold – jone.engelsvold@hfk.no – tlf 97 66 04 77/55 23 93 25